

Dato: 15.01.2019

Statens vegvesen,
Askedalen 4,
6863 Leikanger

Vår Ref: gnr 185 bnr 262 i tidlegare Lindås kommune


Søknad om dispensasjon fra krav om avstand til vegmidte FV 57, fram til oppstart nytt veganlegg.

Nytt mellombels bygg i strid med plan 1263-201201 gnr 185 bnr 262 i tidlegare Lindås kommune, og eks plashall med løyve frå 2010 sjå vedlegg F - 2.

Vestland Fylkeskommune søker om forlengta dispensasjon frå krav om avstand til vegmidte FV 57, for eksisterande hall, og om dispensasjon for nytt mellombels materiallager. Fylkeskommunen driv i dag vidare-gåande skule på staden som også er i strid med vedteken ny plan frå 2014. Vestland Fylkeskommune skal bygge nye skulebygg for byggfaga i Knarvik og det er tenkt å samle einingane i nærleiken oppe ved Juvikstølen. Dette er førebels planlagt til ca 2025. Vi ber om at det vert utvist skjønn i saka, slik at lovpålagt vidaregåande opplæring kan halde fram på ein god måte på denne etablerte skulestaden, fram til at det vert ei klar interessekonflikt. Då vil dei to bygga verte raskt fjerna. Det tek berre ei veke å rive aktuelle bygg. Bygget vil altså også vere mellombels, og kan svært raskt rivast når Statens vegvesen ser at det er naudsynt. Vi er kjent med reguleringsplan for området og dette vi søker om er klart i strid med denne, men skulen må drivast her inntil vidare.

Behovet ser ut til å vere fram til 2025, slik det viser på vedlegg D – 1. Avstand er 20 meter frå senterlinje veg. Vi har hatt ein plashall ståande vesentleg lenger enn løyve vart gjeve. Vi fekk eit mellombels løyve på fem år i 2010, då nybygg ved skulen var planlagt utført tidlegare. Vi beklager situasjonen, samtidig som vi erfarer at bygget ikkje har stått i vegen for realisering av vedtekne planer for FV 57 i 2014. Vi må drive vidaregåande opplæring her fram til nytt bygg er på plass. Bygglinja ved skulen har hatt stor nytte av hallen, og vil gjerne ha den ståande der den er til skulen får samla einingane sine på planlagt tomt i nærleiken. Materiallageret vi søker om er også etterlengta, og vil vere eit stort pluss for undervisninga. Situasjonen for lagring av materialer er ikkje den beste. Difor søker vi no om å få setje opp eit mellombels ope bygg på staden like ved plashallen som er vist på D – 1. Dette blir eit kjekt elevarbeid, samstundes som det er svært nyttig for byggklassene. Det tek berre ei veke å rive aktuelle bygg.

Med venleg helsing


Lyder K Leithaug

Mob: 920 13 472

epost: lyder.konrad.leithaug@vlfk.no